



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Marianne Soleng	Arkivkode: FE-033
Arkivsaksnr: 18/1568	Løpenr: 18/8032
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Naturutvalet	23.10.2018	013/2018

Faste saker

23.10.2018 Naturutvalet:

Handsaming i møtet:

Det var ikkje merknader til innkalling eller saklista.

Orientering:

Planleggar Roald Aandahl orienterte naturutvalet om alternative forslag til ny vegtrase til Hagabotnane.

Administrasjonen bad om å få eit ekstramøte i desember for å få med handsaminga av anleggsplan for idrett og fysisk aktivitet og overordna ROS analyse. Utvalet slutta seg til ekstramøte den 4. desember kl. 16.00

Utvalet sitt kvarter:

Sture Tveit (H) etterspurte status og handsaming av forfallen Løe i Hagabakkane. Han har varsla inn dette tidlegare og har etterspurt kva tiltak som er gjennomført. Administrasjonen orienterte om at meldinga er sendt over til teknisk forvaltning, men at varslet ikkje har blitt følgt opp. Byggesakshandsamar vil snarast starte sakshandsaming på dette.

Jon Magne Bogevik (Uavh) tok opp:

- Behov for nye bustadtomter no når Lønnebakken og Rolvsvåg begynner å bli selt ut.

Administrasjonen orienterte om at i budsjett/økonomiplan må ein begynne å sjå på muligheit for kva nye område kommunen bør tilrettelegge for.

- Kva er status og kva gjer kommunen med Botnahytta som krigsminne ettersom det no ligg føre privatrettsleg avtale mellom grunneigar og hytteeigar. Administrasjonen orienterte om at hytta er registrert som krigsminne i arealdelen av kommuneplanen. Administrasjonen kan dermed ikkje gje rivingstillatelse om det kjem ein søknad. Ein rivingssøknad vil og verte sendt over til fylkeskonservatoren og riksantikvaren til uttale. Riksantikvaren har heimel til å gje eit midlertidleg fredningsvedtak.

- Ved påkøyrse av hjortevilt bør det verte sett i gang ettesøk. Kor skal ein då ta kontakt ?

Landbrukssjefen orienterte om at Os, Bergen og Samnanger har felles ettersøksring. Etter møtet vart det sjekka opp at det er politiet alle skal ringe ved påkøyrse.

NAT- 013/2018 Vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerede vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerede vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

Oversikt over faste saker:

Godkjenning av innkalling og sakliste.

Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte.

Delegerede vedtak/referatsaker.

Utvalet sitt kvarter.